



Prosjektleiar Kristian Bringedal ser fram til det neste opne møtet i Bygdeutviklingsprosjektet, men her er han i aksjon som "gamaldags skulemeister" i Haugland gamle skule. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**"Uskedalen – den gode bygda å bu og feriera i". Dette blir temaet under det neste opne møtet i Bygdeutviklingsprosjektet. Det blir halde måndag 12. mars og vil setja søkelyset på tiltak og føresetnader for å lukkast med ei slik målsetting, seier prosjektleiar Kristian Bringedal.**

Ikkje minst er det viktig å marknadsføre Uskedalen med det allsidige tilbodet som vi har og som vil bli enda meir allsidig i tida som kjem.

Det blir to innleiarar – Knut Førland i Kvinnherad Næringssservice og landbrukssjef i kommunen Karin Thauland. I tillegg kjem korte innlegg frå viktige samarbeidspartar og det blir eit lite panel med representantar frå mellom andre skule/barnehage, lagslivet, nærbutikken og reiselivet.

Men planleggjinga pågår framleis og møteprogrammet kan bli endra og forbetra.